



Bjørnar Eik har starta eplesalet av det som no vert rekna som hausteple, Prins og Discovery.

**Det lovar godt for eplesesongen på Steinsletto. Bjørnar Eik og Magne Eik selde eple frå to bilar ved Gamleskulen på laurdag. Salet av haustepla Prins og Discovery gjekk unna og det var ikkje noko å sei på prisen ved kjøp av kartongar på 8 kg. Kvaliteten er god og eit samla resultat kan bli like godt som rekordåret i fjor.**

Eplesortane Prins og Discovery vert rekna som hausteple og har ei brukstid i september og oktober. Det neste er eplesorten Aroma. Så kjem Elstar som er jule- og vintereple. Det er faktisk meir hausteple i år enn i fjor og Bjørnar Eik er godt nøgd om haustinga i år vert på nivå med fjoråret.

Det ligg mykje arbeid bak ei vellukka hausting. I mars/april tek utskjeringa til og alle trea må vaskast med eit koparhaldig middel for å hindra sopp. Så må ein ikkje slå engkarse før humlene har gjort jobben sin. Tynninga tek til i juli der ein plukkar bort om lag 50 % av karten. Det skjer knappe to veker etter bløminga.



Kåre Peder Totland kom like frå Sunde for å få kjøpt eple frå Steinsletto.

Ein må alltid og heile tida sjå til at trea ikkje har skade eller brotnar ned. Hjorten kan vera ei plage, men heile hagen er delt inn i 15 felt med kvart sitt gjerde. Graset mellom trea vert slege heile tre gonger.

***For dei som ikkje hadde høve til å møte frukteigaren på laurdag, er det skilt med Fylkesvegen som syner vegen til Steinsletto. For avtale og tinging av eple, kontakt Bjørnar Eik på mobil: 92 26 09 67.***

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal